

Hordaland fylkeskommune
REGIONALAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

P O Box 93
N-5501 Haugesund

Visitor address:
Bygnes, N-4250 Kopervik

Phone: +47 52 81 25 00
Fax: +47 52 81 29 46
No 983 452 841

www.gassco.no

Att: Gudrun Mathisen

Deres ref.: 2017/14242-1
Vår ref.: SE22-KO.KB-17.140103

Bygnes, 04.09.2017

Reduksjon av utslepp frå Gassco Kollsnes

Viser med dette til Dykkar brev «Reduksjon av utslepp frå sju kvotepliktige industriverksemder i Hordaland» av 10. august 2017, der me som verksemd blir beden om å gje tilbakemelding innan 4. september på følgjande spørsmål:

A. Planar om utsleppsreduksjon

1. Har verksemda konkrete planar for reduksjon av klimagassutslepp utanom kvotekjøp?
2. Viss ja – kva går planane ut på? Gi ei kort skildring
3. Viss nei – kvifor ikkje?
4. Har verksemda planar for reduksjon av andre miljøutslepp?

B. Om De også har synspunkt på korleis Hordaland fylkeskommune bør medverke, er vi takksame for det.

Prosessanlegget på Kollsnes blei satt i drift i 1996 som ein del av Troll-utbygginga. Sidan oppstart av Kollsnes-anlegget er kapasiteten utvida fleire gonger. Prosessanlegget på Kollsnes kan i dag handsama inntil 143 MSm³ med naturgass og 69 000 fat med kondensat per dag. Kollsnes-anlegget tek i mot naturgass i røyrledningar frå felta Troll, Kvitebjørn, Visund og Fram. I 2004 blei eit nytt anlegg for ekstraksjon av NGL (Natural Gas Liquids) sett i drift, og i 2006 blei ein ny eksportkompressor sett i drift på Kollsnes.

I anlegget på Kollsnes blir naturgassen frå felta tørka og komprimert før den blir transportert vidare til Europa. Gjennom Vestprosess er Kollsnes-anlegget knytta til oljeraffineriet på Mongstad med røyrledning for kondensat. Kollsnes prosessanlegg har dessutan òg levert gass i røyrledning til Kollsnes Næringspark i Øygarden sidan 1999. Kollsnes er i hovudsak drive med elektrisitet frå straumnettet, men det blir òg nytta naturgass som brensel, over 20 MW, for prosessutstyr slik at verksemda er definert som kvotepliktig.


Det at Kollsnes-anlegget har elektrisitet frå straumnettet som si hovudenergikilde, gjer at utsleppa frå anlegget er små samanlikna med andre prosessanlegg. Resultatet er svært ein karboneffektiv prosess med låge CO₂ utslepp pr. produsert eining naturgass.

Som figuren under viser, auka dei totale utsleppa av CO₂ til luft med utvidingane av anlegget. Etter 2008 har utsleppa gått ned. Forklaringa til nedgangen er fyrst og fremt stabil drift og fokus på effektiv bruk av energi.

Utslipp av Karbondioksid fossilt (CO₂ (F)) (i 1000 tonn per år)

Gassco AS, Kollsnes

(1000 tonn)



Svar på spørsmåla:

A. Planar om utsleppsreduksjon

1. Har verksemda konkrete planar for reduksjon av klimagassutslepp utanom kvotekjøp? **Ja.**
2. Viss ja – kva går planane ut på? Gi ei kort skildring

Gassco har ein overordna klimastrategi om å redusera klimapåverknaden av vår verksemd. Klimapåverknad er her definert som utslepp av CO₂, diffuse utslepp av metan og andre flyktige organiske forbindelsar samt bruk av energi. Strategien peikar på områder ein spesielt skal jobba med for å oppnå redusert klimapåverknad. Dette er energileiing, infrastrukturutvikling og bruk av innovative løysningar. Gassco har og etablert måleindikatorar for energibruk og CO₂ utslepp for Kollsnes-anlegget for å sikre kontinuerleg betra resultat.

Det vert utarbeidd årlege handlingsplanar med aktivitetar for desse. Aktivitetane spenner frå konkrete tiltak på anlegget som gjev redusert energiforbruk, til større utgreiingsprosjekt samt ulike forskings- og utviklingsaktivitetar. Innan forskning og utvikling er ein av hovudprioriteringane å sikra ein berekraftig utvikling av gassinfrastrukturen gjennom utvikling av ny lågkarbon - teknologi og -løysingar. Som døme har ein i 2017 hatt eit forskingsprosjekt for å gjera dei store eksportkompressorane på Kollsnes meir robuste i forhold til spenningsdippar og dermed kunna redusera hendingar der kompressorane fell ut med følgande driftsproblem og fakling.

Gassco er og partner i Sintef sitt FME-senter (Forskning for Miljøvennlig Energi), HighEFF, som har som mål å fremma ein energieffektiv og konkurransedyktig industri for framtida. Her vil Gassco nominera forslag til aktivitetar som kan føra til reduksjon av energibruk på Kollsnes-anlegget.

Gassco er operatør for Kollsnes-anlegget, med Statoil som teknisk tenesteytar. Det vil sei at Statoil står for den daglege drifta av anlegget på vegne av Gassco. Statoil sitt styringsystem er dermed og gjeldande for Kollsnes anlegget og det er eit godt og nært samarbeid selskapa imellom for å koma fram til utsleppsreduserande tiltak.

Gassco har óg bidrege i elektrifisering av felt på norsk sokkel med straumforsyning frå Kollsnes anlegget. Gjennom dette er straum frå Hordaland med på å redusera klimagassutsleppa på norsk sokkel.

4. Har verksemda planar for reduksjon av andre miljøutslepp?


Gassco har som målseting å halda alle utsleppa frå vår verksemd så låge som mogeleg, og har interne krav om å gjera vurderingar av miljøpåverknad i samband med ei kvar endring i drift og prosjekt. Det er krav til bruk av BAT, og for større prosjekt er det krav om å utarbeida låg-utslepp alternativ.

B. Synspunkt på korleis Hordaland fylkeskommune bør medverke

Gassco fekk i januar 2017 tilskot frå Enova for intensivering av energileiing for Gassco Kollsnes. Tilskotet blei gjeven under støtteprogrammet «Støtte til introduksjon av energiledelse i transport, industri og anlegg». Tilskotet vert nytta til analyse og etablering av tiltakslistar, og tilskotet gjer at verksemda får ekstra fokus på effektiv bruk av energi.

Enova gjorde endringar i støtteprogrammet for energitiltak 15. mars 2017. Endringa inneber at det no berre er prosjekt for ikkje-kvotepliktige klimagassutslepp som kan søke støtte. Denne endringa gjer at fleire av våre prosjekt som kunne ført til reduserte klimagassutslepp, ikkje lenger er omfatta av støtteordninga. Ordninga er dermed i mindre grad eit verkemiddel for vår verksemd.

Med venleg helsing
Gassco AS



Randi Viksund
Direktør for Sikkerhet og Kvalitet



Kirsten L. B. Halvorsen
Miljøsjef

